7.2 Føresegner

Utkast til første gangs behandling. Dato : 11.11.2026

§ 1 – Generelt
Føresegnene gjeld for heile planområdet, altså alt land- og sjøareal i heile Vindafjord kommune.

§ 2 – Generelle føresegner (Med heimel i plan- og bygningslova § 11- 9 nr. 6)

§ 2.1 Utvalde naturtypar
Det bør ikkje vere tillate med tiltak som øydelegg eller forringar naturmiljøet for registrerte utvalde naturtypar jf. Naturmangfaldlova kap. VI § 53.

§ 2.2 Verdsette naturtypar
Det bør ikkje vere tillate med tiltak som øydelegg eller forringar naturmiljøet for verdsette registrerte naturtypar med middels verdi eller meir, jf. Naturmangfaldlova §§ 8-10. (Naturtypelokalitetatane er fordelt på verdikategoriar i samsvar med verdsetjingskriteria i handboka M-1941- Konsekvensutgreiingar for klima og miljø.)

§ 2.3 Marine naturtypar
Det bør ikkje vere tillate med tiltak som øydelegg eller forringar naturmiljøet for marine naturtypar med middels eller større verdi etter NiN 3.0, jf. Naturmangfaldlova §§ 8-10.

§ 2.4 Naturskog
Naturskog skal ivaretakast så langt det lar seg gjere, jf. naturmangfaldlova § 1. Det bør ikkje vere tillate med tiltak som øydelegg eller forringar naturmiljøet for naturskog, jf. Naturmangfaldlova §§ 8-10. Naturskog er definert som skog som er etablert før 1940 og kor det ikkje er gjennomført flatehogst.

§ 3 Retningslinjer for omsynssone for bevaring av naturmiljø (Med heimel i plan- og bygningslova § 11-8 c)
I denne sona er naturmiljøet ei særskilt viktig interesse som skal takast spesielt omsyn til.

a) Innanfor omsynssona bør det ikkje gå føre seg aktivitet eller tiltak som kan forstyrre, skade eller forringe kvaliteten og/eller funksjonen til den aktuelle naturtypen.
b) Ved behov skal kommunen arbeide for riktig skjøtsel og/eller restaurering av aktuelle område.

§ 4 Generelle retningslinjer

§ 4.1 Nærnatur
Nærnatur, altså naturområde som ligg tett på eller i nærleiken av bustadområde bør ivaretakast som friluftsområde/naturområde for befolkning og natur- og dyreliv.

§ 4.2 Karbonrike areal
Tiltak og/eller drenering på prioriterte karbonrike areal som myr, torvmyr og annan våtmark bør ikkje tillatast, med unntak av restaureringstiltak.

§ 4.3 Trua artar
Prioriterte habitat, leveområde og funksjonsområde for registrerte trua artar på Norsk raudliste bør ha særskilt merksemd i arealforvaltninga, og det skal takast spesielt omsyn til naturmiljøet i slike område. For å vere trua må ein art vere definert som sårbar (VU), sterkt trua (EN) eller kritisk trua (CR) på den nasjonale raudlista.

Ved behov skal kommunen arbeide for at det blir gjort tiltak for å betre tilstanden for slike artar, til dømes gjennom skjøtsel og/eller restaurering av aktuelle område, informasjonskampanjar, kultivering eller andre forvaltningstiltak. Dette inneberer og at kjent leve- og funksjonsområde til slike artar må bevarast og i nokre tilfelle restaurerast.

§ 4.3 Opne og naturlege vassdrag
Det er som hovudregel ikkje tillate å lukke bekkar og elvar. Når det blir planlagt tiltak nær vassdrag, bør kantsona kartleggjast.

Lukka bekkar og elvar bør få opne løysingar så langt det er praktisk mogleg og føremålstenleg. Ved opne løysingar for bekkar og elvar bør det utarbeidast eigen plan for handtering av overvatn frå tilgrensande område. Planen skal utarbeidast samstundes med etablering av opne løysingar. Opna bekkar og elvar bør utformast slik at dei fungerer som lokal flaumveg og reduserer risikoen for skade på busetnad og infrastruktur langs løpet.

§ 4.4 Økologiske hoppesteinar
Ved nye reguleringsplanar og/eller planvask/revidering av arealplanen, samt byggesaker og landbruksforvaltning, skal blå-grøne korridorar og økologiske hoppesteinar i jordbrukslandskap og/eller bebygde område bli forsøkt ivaretatt i så stor grad som mogleg.

Blå-grøne korridorar og økologiske hoppesteinar i landskapet, som til dømes vassdrag med kantsone, skogholt, åkerholmar og vegetasjonsstriper mellom jordbruksareal skal ivaretakast for å bevare og skape samanhengande økosystem og korridorar for dyr og planter.

§ 4.4 Lysforureining
Lysforureining som kan ha negativ påverknad på menneske, dyr og planter bør avgrensast til eit minimum. Ved søknad om tiltak som omfattar utandørs belysning, bør belysning vurderast.

Ved behandling av plansaker og/eller byggesaker: Belysning bør ikkje gi lysutslepp oppover eller ut over funksjonsområdet.

§ 4.5 INON-område
Ved planlegging av tiltak innanfor område kartlagde som inngrepsfrie naturområde (INON) bør

verknader for landskapssamanheng, naturmangfald og økologiske funksjonsområde vurderast særskilt.


Ved planlegging og tiltak i slike område bør det leggjast særleg vekt på å unngå oppsplitting, redusert landskapssamanheng og forringing av naturmiljøet.

§ 4.6 Miljøregistreringar i skog (MIS)
Kunnskap frå MiS, naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks og relevante eldre registreringar etter DN-handbok 13 bør samordnast i saksgrunnlaget for større tiltak i skog. Ved avvik mellom avgrensingane skal nyaste og mest relevante kunnskap leggjast til grunn, og det skal vurderast om avviket tilseier behov for nærare kartlegging eller oppdatering av registreringane.

§ 5 – Retningslinjer for saksbehandling av nye tiltak, jf. Naturmangfaldlova §§ 8-10.

§ 5.1 Tiltakspyramide
Nye plansaker og større utbyggingsprosjekt skal følge Miljødirektoratet sitt tiltakshierarki (i prioritert rekkefølge):

- **Unngå** vesentlege skadeverknader for naturmangfald og karbonrike areal ved å gjenbruke/fortette allereie bebygde/grå areal og/eller ved å endre/tilpasse lokalisering
- **Avgrense** vesentlege skadeverknader som ikkje kan unngåast så langt det let seg gjere, til dømes gjennom å endre/tilpasse utforming og/eller plassering slik at det har minst mogleg negativ påverknad.
- **Istandsette** eller restaurere øydelagde/påverka område innanfor planområdet for å avgrense negative konsekvensar for naturmangfaldet.
- **Kompensere** for vesentlege skadeverknadar som ikkje kan bli unngått, t.d. gjennom restaurering eller vern av tilsvarande område/naturtypar.



Figur 1: Tiltakspyramiden frå Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941. Pyramiden viser hierarkisk framstilling av tiltak for å unngå negativ påverknad for naturmangfald ved prosjekt.

§ 5.2 Krav om supplerande naturkartlegging
I plansaker og større utbyggingsprosjekt som kan påverke naturmangfald bør det vurderast om kunnskapsgrunnlaget er godt nok. Det skal vidare vurderast om det er behov for supplerande kartleggingar av artsmangfald og naturtypar, med mål om å fange opp dei faktiske naturverdiane i området. Kvalifiserte naturkartleggarar skal utføre kartlegginga. Det skal også bli gjort ei vurdering av karbonrike areal innanfor området, og berekna klimagassutslepp av planlagt nedbygging.

§ 5.3 Ivaretaking av naturmangfald innanfor planområde
Ved funn av viktige naturverdiar, økologiske funksjonsområde (til dømes blå-grøne korridorar) eller karbonrike areal/naturtypar i plan- eller byggesaker bør desse bli ivaretatt i plankart og føresegn.

§ 5.4 Ivaretaking av naturmangfald utanfor planområde
I reguleringsplanar nær viktige økologiske funksjonsområde eller område med stor naturverdi bør desse ivaretakast ved å innarbeide grøne korridorar inn/ut av området. Dersom hensiktsmessig, kan planområdet utvidast slik at viktige økologiske funksjonsområde utanfor det opphavelege planområdet blir sikra gjennom plankart og føresegn.

§ 5.5 Ivaretaking av naturmangfald og karbonrike areal i arealforvaltninga
I plansaker og større utbyggingssaker der naturmangfald og karbonrike areal kan bli berørt, bør det leggast vekt på gode og heilskaplege løysingar for ivaretaking av naturmangfaldet og naturen si evne til å ta opp og lagre karbon.

§ 5.6 Ivaretaking av naturmangfald i utbyggingsprosjekt
I større utbyggingsprosjekt som kan føre til negative konsekvensar for naturmangfald under bygge- og anleggsfasen, bør det fastsettast avbøtande tiltak.

I større utbyggingsprosjekt bør det setjast vilkår eller føresegn for å hindre avrenning, forureining og støy som kan påverke naturmangfaldet negativt under bygge- og anleggsfasen. Prosjekt med risiko for slik negativ påverknad bør følgast opp med tilsyn i prosjektperioden.